

Samarbeidsavtale

Mellom Årdal kommune og Årdal Lensmannskontor/ Vest politidistrikt

Avtalen er inngått og signert 29.01.2020

Årdal Tenk Tryggleiks visjon
Årdal skal vera ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida.



POLITIET



Innhald

1.	Innleiing/formål	3
2.	Tjenestetilbod frå politiet.....	3
3.	Politikontakten.....	4
4.	Årdal Tenk Tryggleik	5
	Formål	5
	Hovedoppgaver:.....	5
	Deltagelse.....	5
	Minimum faste medlemmer:.....	5
	Lokale mål og oppfølging	6
	Gyldighet:	6
5.	SLT (samordning av lokale kriminalitetførebyggande tiltak)	7
6	Forventningar til samarbeid.....	7
7	Administrative forhold.....	8
8	Evaluering.....	8

1. Innleiing/formål

Vidareutvikling av det førebyggande arbeidet er ein av dei viktigaste kvalitative endringane som gjennomførast i Nærpolitireformen, og skal derfor ha stort fokus.

I samband med dette kan det lagast gjensidig forpliktande avtale mellom politiet og kommunen om tjenestetilbod, politikontaktens rolle, SLT og Årdal Tenk Tryggleik (politiråd).

Det er nødvendig med gjensidige forpliktingar for at det førebyggande arbeidet skal fungere best mogleg. Det er difor ynskjelig å skildre både kva politiet og kommunane kan bidra med i dette samarbeidet. Avtalen skal regulere arbeidet både på utøvande og strategisk nivå.

2. Tjenestetilbod frå politiet

Tjenestetilboden skisserer kva innbyggjarane skal kunne forventa av politidistriktet og lokalt politi. Avtalen skal skildre, beredskap, førebygging, responstid, opningstider m.m.

I Årdal Kommune er det ein tjenestad

- Årdal Lensmannskontor

Tjenestestaden skal ivareta følgande kvalitetskrav i samarbeid med Lærdal og Aurland lensmannskontor:

- Ta i mot meldingar, søknader og andre handvendingar, samt gi publikum rettleiing om politiet sitt tenestetilbod.
- Bidra til eit kvalitetsløft for etterforskningsarbeidet, sterkt fokus på politiarbeid på staden.

Publikumsekspedisjon

Tenesteeiningane har publikumsekspedisjon.

Der vil publikum kunne melde forhold og få hjelp knytet til forvalningsoppgåver eller andre problemstillinger.

Pass kan ein få ved Sogndal Lensmannskontor.

Vakt og beredskap

Politiet har heilkontinuerlig vakt og beredskap i Årdal/Lærdal og Aurland kommune som er fordelt mellom aktiv teneste og beredskapsvakt.

Det er krav til responstid. Responstida er den tida det tek frå politiet tek i mot ei melding til fyrste politipatrusje er på staden. Krava gjeld ekstraordinære hendingar, hendingar der liv er direkte truga og/eller der det straks er behov for innsats frå politiet.

Krava til responstid er regulert sentralt. 80 % av den type hendingar som er nemnt over, skal handterast innan 17 minuttar for Årdal Kommune. (Innbyggartal pr. 30.oktober 2019; Ca 5200.) Ved den vaktordninga som er i dag, så erkjenner me at detta kan gi utfordringar på responstid.

Etterforsking

Politibetjentane i Indre Sogn har m.a. etterforskning som si hovudoppgåva på tvers av kommune grensene. Dette koordinerast av ein etterforskningsleiar i vaktregionen.

Kriminalitetsførebyggande arbeid

Politiansatte ved Årdal, Lærdal og Aurland lensmannskontor har alle førebygging som ein av sine hovedarbeidsoppgåve. Dei skal difor og ta del i tverrfagleg samarbeid, vera tett på skular, barnevern og andre som det er naturleg at politiet samarbeider med. De vil og seia å fylge opp straffesaker på ungdom under 18 år, gjennomføra samtalar ved grunn til uro, ha føredrag/undervisning og ha ei aktiv rolle i gjennomføring av straffeaksjonar.

Politiet skal vurdere risiko og førebyggja gjenteke partner vald og æres relatert vald.

Kriminalitetsførrebygging skal være politiet sin nye primærstrategi i verksemdsområder. I samband med dette vert det arbeidd med ein heilskapleg plan for det førebyggande arbeidet i Vest Politidistrikt. Årdal Kommune ved Årdal Tenk Tryggleik har inngått ein samarbeidsavtale av 28.februar 2018 som er grunnlag for vidare utvikling.

3. Politikontakten

Politikontakt/Årdal Tenk Tryggleik er ein av Nærpolitireformas seks prioriterte funksjonar. Kvar kommune skal ha sin eigen politikontakt.

Politikontakten er tenestestadens sitt daglige kontaktledd med kommunane og rådgjevar innan kriminalitet førebyggande verksemd. Politikontakten skal følgje opp at politiet har nødvendig kontakt med kommunane som hører til tenesteeininga, og har ansvar for at anbefalingar i SLT og Årdal Tenk Tryggleik vert fylgd opp i politidistriktet.

Hovudoppgåver

- Syte for deling av kunnskap og utveksling av erfaringar mellom politiet og samarbeidsaktørar i kommunen
- Fylgje med i kriminalitetsbilde og utvikling av trendar, sikre rett bruk av metode og tiltak, og ha tett samarbeid med etterretningsfunksjonen
- Ha god kunnskap om spesielle forhold i eige distrikt
- Vera pådrivar for at Årdal Tenk Tryggleik og SLT-samarbeidet fungerer. Det er viktig at det er god dialog mellom politikontaktane i region Sogn.
- Syte for kontakt med andre offentlige myndigheter, næringslivet, interesseorganisasjonar, frivillige foreiningar og ulike grupper i samfunnet

Politikontakt er fast deltakar i Årdal Tenk Tryggleik. Sjå punkt 4

4. Årdal Tenk Tryggleik

Årdal Tenk Tryggleik skal vere det øvste samarbeidsorganet mellom Årdal Kommune og politiet, og partane ska ha fullmakt til å kunne treffe slutningar i rådet.

Det er laget en egen samarbeidsavtale mellom Årdal kommune og Vest Politidistrikt ved lokalt tjenestad, Årdal Lensmannskontor av 28. februar 2018.

Formål

Politirådet ved Årdal Tenk Tryggleik (ÅTT) er politiets og kommunens formaliserte samarbeidsforum for det lokale kriminalitetsforebyggande arbeidet, for samordning av beredskapsplaner og for arbeidet med samfunnssikkerhet. Dette er forankra i kommunestyret som øvste organ og som ledas av ordføraren.

Gjennom utveksling av kunnskap og erfaring mellom politi og kommune skal Årdal Tenk Tryggleik bidra til involvering og gjensidig ansvarliggjøring av lokale myndigheter, næringsliv, frivillighetssektoren samt politiet i det kriminalitetsforebyggende arbeidet og innan beredskap og samfunnssikkerhet.

Hovudoppgåver:

- Inngå avtale i Årdal Tenk Tryggleik for å forplikte deltagarane sine organisasjonar i Årdal Tenk Tryggleik til samhandling og sikre arbeidet som iverksettes, blir samordna og gjennomført.
- Utvikle forpliktende handlingsplaner slik at befolkingen er sikret helhetlig forebyggende tjeneste i sitt lokalsamfunn.
- Bruke kommunens politivedtekter som eit aktivt verktøy for å ivareta kriminalitetsforebygging og trygge lokalsamfunn.
- Sørge for helhetlig samhandling mellom politi, kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar/interesseorganisasjonar.
- Sørge for felles forståelse av trender og utviklingstrekk i det lokale kriminalitetsbilde, felles forståelse av bakenforliggende og utløsende årsaker, og målrettede forebyggande tiltak knyttet til kriminalitet, utrygghet og sårbarhet.
- Samordne strategiske beslutninger for kriminalitetsforebyggende arbeid, beredskap og samfunnssikkerhet, samt utarbeide felles handlingsplaner innen disse temaene.
- Samarbeid med kompetansesenter for kriminalitetsforebygging/SLT, som er ein del av Årdal Tenk Tryggleik.
- Gode dialogar og involvering saman med ungdomsrådet.

Deltagelse

Årdal Tenk Tryggleik er som eit minimum samansett av representantar frå ledelsen i kommune, ledelse i politi, ledelse frå Industri og organisasjonar, der alle parter kan forplikte egne organisasjonar

Minimum faste medlemmer:

Ordfører i Årdal Kommune :

Hilmar Høl

Tjenestadsleiar/Politikkontakt:

Magne Knudsen

Rådmann:

Stig Stark Johannsen

Hydro Årdal:

Wenche Eldegard

Koomunalsjef Helse Årdal Kommune:	Mette Hestetun Berg
LO:	Siv Aspeseter
Norsk Folkehjelp:	Kjell Arne Solheim
NAV Årdal Årdal Kommune:	Silje Berge
Leiar Årdal Ungdomsråd:	
Årdal Tenk Tryggleik koordinator:	Svein Ove Åmås

Koordinator Årdal Tenk Tryggleik kallar inn til møter. Det avhaldas minimum 3 møter pr. år, agenda til møtene sendes ut seinast 1 veke føre møtene avhaldas. Koordinator lager referat som arkiverast.

Lokale mål og oppfølging

Basert på ein felles situasjonsforståelse, forventande utfordringar og annan kunnskap, har Årdal Tenk Tryggleik for denne perioden blitt einige om satsingsområder som er nedskrivne i handlingsplan som blir utarbeidet årlig.

Kartlegging og analyse er sentralt for å sikre eit kunnskapbasert grunnlag for det tverretatlige samarbeidet. Det forutsettes at Årdal tenk Tryggleik aktivt etterspør og brukar kunnskap. Dette for å bidra til eit best mogleg felles situasjonsbilde som grunnlag for dei tiltak som iverksettes innan kriminalitetsforebygging, samfunnssikkerhet og beredskap.

I lys av satsingsområdet og innhenta kunnsapsgrunnlag, skal politivedtektene jevnlig reviderast, slik at strategiske satsingar også gjenspeiles her.

I den grad utfordringane berører næringsliv/organisasjonar/etc., skal også dei involverast i arbeidet.

ÅTT Koordinator, politikontakt eller andre ansvarlige, gis ansvaret for at anbefalinger I Årdal Tenk Tryggleik blir fulgt opp av kommunen, politiet og andre. ÅTT koordinator er tilsett i 20% stilling for å ivareta denna rollen.

Ved årets slutt skal Årdal Tenk Tryggleik evaluere effekten og iverksatte tiltak opp mot avdekka kriminalitetsutfordringar, i tillegg til eventuelle tiltak iverksatt innan beredskap og samfunnssikkerhet.

Eventuelle læringspunkter videreføres til neste års arbeid.

Gyldighet:

Avtalen reviderast årlig.

5. SLT (samordning av lokale kriminalitet førebyggande tiltak)

Hensikta med SLT er at lokale offentlige og frivillige ressursar arbeidat etter ein felles og vedtatt strategi mot felles mål. SLT-koordinatoren er drivkrafta i detta arbeidet. Det skal etablerast eit tett og formalisert samarbeid mellom lokalt politi og sentrale samarbeidspartnarar, som for eksempel barnevern, utdanningsinstitusjonar og NAV. SLT-modellen er ein samordningsmodell som nyttas av om lag 200 kommunar. Politiet anbefaler bruk av SLT modellen. Meir informasjon finnast på www.kriminalitetsforebygging.no.

6 Forventningar til samarbeid

Samarbeidet med kommunane er gjensidig, det er derfor viktig av avtalen omhandlar forventningar begge veier. Så fremt saken ikkje kan avgjerast i Årdal Tenk Tryggleik er det viktig at initiativ frå politiet tas vidare til politisk behandling, og på same måte må innspel frå den Årdal kommune behandlast i dei organ i politiet som har mynde til å forplikte politiet – til dømes i handsaming av politivedtekter, barnevern, trafikale forhold og rus-politisk handlingsplan, vald i nære relasjonar mm.

Forventningar frå Årdal kommune:

- Kort responstid, skal handterast innan 17 minuttar for Årdal Kommune.
- Skape trygge lokalsamfunn, og tryggleik til innbyggjarane skal takast vare på både i det fysiske og digitale rom.
- Bidra i samordningsmodell for lokale, førebyggande tiltak mot rus og kriminalitet, særleg for barn og unge
- Førebygge og nedkjempe kriminalitet, vald i nære relasjonar og alvorlig organisert kriminalitet
- Førebygge og redusere arbeidsmarkedskriminalitet og kriminalitet retta mot næringsliv.
- Sørgje for at arbeidet med førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme er koordinert
- Sikre samfunnssikkerhet og beredskap
- Bidra med å sikre ferdselstrasear og tryggleik i trafikken.
- Lokalt politiet opptrer som aktiv samarbeidspartner og høringsinstans i kommunens arbeid med planer knyta til det rus-, vald- og kriminalitetsførebyggande arbeidet

Forventningar frå Politiet:

- At Årdal kommune deltar i samarbeidsforsa med politiet.
- At Årdal kommune bidrar til å vurdere kva for tiltak som krevjast i det kriminalitetsførebyggande arbeidet.
- At Årdal kommune arbeidar for å legge til rette for førebyggande tiltak som politiet opplever som nødvendige for å skape en endring.
- At Årdal kommune følgjer Kompetansesenteret sin anbefaling med å anvende SLT-modellen i det kriminalitetsførebyggande arbeidet, og at SLT-stillinga blir plassert etter anbefaling frå Kompetansesenteret. Som dekker Årdal, Lærdal og Aurland.
- At Årdal kommune legger til rette for at politiet får besøke skulene med undervisningsopplegg som er viktig for å førebygge kriminalitet.

- At Årdal Kommune har ein fast 20% stilling som er koordinator for Årdal Tenk Tryggleik.

7 Administrative forhold

Det er viktig at det er ein raud tråd frå det som vert gjort av førebyggande arbeid på utøvande nivå og det som det snakkast om og bestemt i Årdal Tenk Tryggleik. Ordfører, Rådmenn, Politikontakter og koordinator Årdal Tenk Tryggleik bør ha eit fellesmøte i året for å sjå på felles utfordringar i regionen.

Ordførar i Årdal Kommune er leiari av Årdal Tenkt Tryggleik. Politikontakten er ein pådrivar for at saker som er bestemt i Årdal Tenk Tryggleik vert fylgt opp. Politikontakten har ansvar for at saker blir tatt opp, blir løfta opp til Årdal Tenk Tryggleik ved behov for forankring og prioritering.

8 Evaluering

Denna samarbeidsavtalen bør evaluerast - også undervegs, og nødvendige tilpassingar undervegs.

Partane er einige i å gjennomføre evalueringa ein gang i året, slik at det blir ein integrert del av Årdal Tenk Tryggleik sine aktiviteteter. Blir lagt til i Årshjulet for Årdal Tenk Tryggleik. Evalueringa skal legge til rette for justering av samarbeidet og samarbeidsavtalen mellom partane.

Tidspunkt for gjennomføring av evalueringa avtales mellom partane og settas på dagsorden til et Årdal Tenk Tryggleik møte, eller i eige møte.


Evalueringa dokumenteras skriftlig.



Tjenestadsleiar og Politikontakt

Magne Knudsen

Årdal Lensmannskontor



Ordførar

Hilmar Høl

Årdal Kommune